



Filmgruppa har vorte populær og her er leiar Ronny Lakselv omgjeve av unge filmentusiastar under eit opptak på skulen. (Foto: Ola Matt Mathisen)

Hobbyklubben, som er eit tilbod til barn og ungdommar frå femte klasse og oppover på Uskedalen bedehus, har no 39 medlemmer under 16 år og hadde eit aktivt år i 2007. Responsen har vore stor, heiter det i årsmeldinga som er sendt kommunen saman med søknaden om kommunal driftsstønad.

Det er klubbkveldar annankvar måndag og føremålet er å gje dei unge eit sunt og godt miljø, Aktivitetane dei kan velja mellom er modellfly, modellbil, filmgruppe, avis, film og "Ein stad å vera". Nokre av gruppene har også hatt samlingar på andre dagar for til dømes å fly og jobba med avis. Det vart før jul seld 340 eksemplar av Uskedalsposten, som kom ut tre gonger i fjor.

Filmgruppa er eit nytt og svært populært tilbod som vart starta i haust og som blir leia av Ronny Lakselv. Arbeidet med ein kortfilm om mobbing går no mot fullføring.

I søknaden til kommunen blir det opplyst at dei totale inntektene i fjor var 75.706 kroner medan utgiftene vart 66.418. Ved slutten av rekneskapsåret hadde klubben 33.450 kroner i banken. Den største inntektskjelda er sal av Uskedalsposten og annonser i avisa, som ga 49.970 kroner i 2007. Trykkinga av avisa kosta 28.500 kroner og det vart kjøpt inn datautstyr for 19.734 kroner.

No skal filmprosjektet om mobbing fullførast og det skal gjes ut nye utgåver av Uskedalsposten og kjøpast inn nytt utstyr for gruppene.

- Vi har vore så kjempeheldige å få dyktige leiarar som vil dele sin kunnskap med barn og ungdom, heiter det i årsmeldinga, Det har vore svært positivt at konfirmantundervisninga no er lagt til bedehuset dei samme måndagane som hobbyklubben har samlingar.

Dermed har ein del av konfirmantane vore med vidare i klubben. Dei har også fått med konfirmantlærar Oddbjørg Heimark som leiar.

Tore Mathiesen leiar klubben medan gruppene har desse som leiarar: Modellfly Erlend Moen, modellbil Rune Hjørnevåg, film Ronny Lakselv, avis Ola Matti Mathisen og Britt Torill M. Mathiesen og "Ein stad å vera" Jon Harald Kjærland og Oddbjørg Heimark.